

Saksframlegg

Saksbehandlar: Jorunn Bakke Nydal, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 15/8029-2

Den kulturelle spaserstokken 2016 - løyvingar

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Avsett løyving til Den kulturelle spaserstokken, 988 000 kroner, vert fordelt slik:

| | |
|--------------------|--------------|
| Askvoll kommune | kr. 40 000,- |
| Aurland kommune | kr. 20 000,- |
| Balestrand kommune | kr. 15 000,- |
| Bremanger kommune | kr. 55 000,- |
| Eid kommune | kr. 50 000,- |
| Fjaler kommune | kr. 50 000,- |
| Flora kommune | kr. 70 000,- |
| Førde kommune | kr. 88 000,- |
| Gaular kommune | kr. 45 000,- |
| Gloppen kommune | kr. 40 000,- |
| Gulen kommune | kr. 15 000,- |
| Hornindal kommune | kr. 40 000,- |
| Hyllestad kommune | kr. 40 000,- |
| Høyanger kommune | kr. 60 000,- |
| Jølster kommune | kr. 15 000,- |
| Leikanger kommune | kr. 40 000,- |
| Luster kommune | kr. 45 000,- |
| Lærdal kommune | kr. 25 000,- |
| Naustdal kommune | kr. 35 000,- |
| Selje kommune | kr. 15 000,- |
| Sogndal kommune | kr. 40 000,- |
| Solund kommune | kr. 20 000,- |
| Stryn kommune | kr. 40 000,- |
| Vik kommune | kr. 20 000,- |
| Vågsøy kommune | kr. 45 000,- |
| Årdal kommune | kr. 20 000,- |

2. Tilskotet gjeld for 2016. Tilskotet må brukast i samsvar med søknad. Det er eit vilkår at det er levert rapport for tildelingane i 2014 før utbetaling for 2016.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Oppsummering og kommentar til søknadane
2. Folkemengd i kvar kommune og 67 år.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Den kulturelle spaserstokken vart etablert i 2007 og er ei ordning for kulturformidling til eldre. Til og med 2013 har kommunane søkt Kulturdepartementet om støtte til ulike tiltak.

Stortinget vedtok ved handsaming av statsbudsjett 2015 å auke fylkeskommunane sine inntekter med samla 30,8 mill. kroner til vidareføring av tiltak under den «kulturelle spaserstokken». Midlane vart lagt inn som ein auke i rammetilskotet til fylkeskommunane, og Sogn og Fjordane sin del av dette er 0,988 mill. kr. Det er kommunane som søkjer, og søknaden har gått f.o.m. 2014 til fylkeskommunen.

Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Det er svært viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre og er tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv og at det er eit godt samarbeid mellom kultur- og helsesektor.

2. Vurderingar

Innhald, mål og kriterier

Fylkesdirektøren har vurdert søknadane om tilskot til tiltak i «Den kulturelle spaserstokken». Det skjer mykje positivt rundt om i kommunane når det gjeld kulturformidling til eldre. Nokre kommunar viser også nye initiativ og nye vegar å gå i dette arbeidet. Kort omtale av innhald i søknadane, og korte kommentarar til enkeltsøknader kjem fram i vedlegg 1. Vurderingane er gjort i høve dei mål som er sett for ordninga, slik som:

- å sørgje for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren og lag og organisasjonar slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk
- å medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre held til i dagleglivet.

Fylkesdirektøren har elles lagt følgjande til grunn når det gjeld framlegg til fordeling av midlane:

- at alle kommunane skal få støtte
- at det ligg føre ein godt bearbeidd søknad/innhald
- at søkjar har gode rutiner for rapportering
- at det søkjarane kan vise til godt samarbeid kultur og helsesektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (brukarar over 67 år)
- interkommunalt samarbeid

Kommunane har samla søkt om om lag 2,8 mill kroner til tiltaka i DKSS. Med 0,988 mill kroner til disposisjon, vil det vere urå å følgje opp den enkelte kommune med omsøkt sum. Tilrådd sum er vurdert i høve kriterina over.

Midlar til disposisjon

I fjor vart det tildelt 1 131 200 kroner frå departementet til tiltak i Sogn og Fjordane. I år er løyvinga 988 000 kroner; ein reduksjon på 143 300 kroner i høve 2014. I 2014 sette hovudutvalet av 10% av midlane på fond for å administrere arbeidet med tilskotsordninga. Fylkesdirektøren ser at den samla ressursinnsatsen i ordninga tillet at vi dette året fordeler heile summen på 988 000 kroner på søknadane frå kommunane.

Rettleiing og kompetanseheving

Rettleiing til kommunane vert gjeve kontinuerleg gjennom heile året. Det vert sendt ut informasjon om konsertar/arrangement og fagkonferansar. I januar 2016 vert det gjennomført regionale samlingar (Sogn, Nordfjord og Sunnfjord) for kommunane og andre interesserte med presentasjon av kommunane si løysing av den kulturelle spaserstokken. Fylkesdirektøren ynskjer framover å utvikle dette feltet gjennom å vektleggje samarbeid mellom kommunane og andre aktørar for å kunne tilby arrangement med høg kvalitet, til dømes samarbeid med musea, Den kulturelle skulesekken, kulturhus, osb.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at løyvingane vert tildelt kommunane slik forslaget er sett opp i framlegg til vedtak.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)